



Jobbfrukt med ny bil og ei sterkare profilering. F.v: Jan Tore Johnsen, Eirik Nordal, Gunn K. Langeland, Mailinn Fonn og Kristine Sätendal.

Jobbfrukt er eit vellukka tiltak som skapar viktige arbeidsplassar i Kvinnherad. Kvinnherad Vekstbedrift i samarbeid med BAMA står for utkøyring av 40 korgar kvar veke i kommunane Odda og Kvinnherad. Ny bil er på plass med logo og grønne farger. Med dette er prosjektet godt synleg og profilert.

Heile 10 personar er innoom denne tenesta kvar veke. Alle vert involverte i pakking, utkøyring og levering på døra kvar måndag i lunsjtider. I dag vert det levert 40 korgar til 40 ulike kundar. Målet om eit år er ein auke til 80 korgar. Odda og Kvinnherad kommune er på kundelista. Elles er det levering til verksemdar, personlagrupper og nokre private kundar i Kvinnherad. Det vert pakka tre ulike korgar, frå 3-4 kg til 7 kg, også med litt ulikt innhald i korgene.

Jobbfrukt er eit landsdekkande konsept med heile 80 medlemsbedrifter. Målet med tiltaket er å auka sysselsetjing for personar med nedsett arbeidsevne og stimulera til motiverte arbeidarar. Forsking syner at frukt på arbeidsplassen fører til auka trivsel og arbeidsglede. Det er ikkje bindingstid til tinginga. Som kunde kan du liggja inne med fast bestilling eller du kan tinga korgar frå gong til gong. Om ein vil prøva tilbodet, er det berre å ta kontakt med Kvinnherad Vekstbedrift v/ Kristine Sätendal.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal